

# 6. VEDLEGG



# ORGANISERING OG FORANKRING

Nærøyfjorden Verdsarvpark vart skipa som stifting 25. januar 2008. Formelle stiftarar er Sogn og Fjordane fylkeskommune og Aurland, Lærdal, Vik og Voss kommunar.

Styret i Verdsarvparken er samansett av i alt 9 personar. Vedtekten fastset at 5 av desse skal peikast ut av stiftarane. Dei øvrige 4 skal peikast ut av parkmøtet.

## STYRET I 2009:

- Ordførar Olav Ellingsen, Aurland kommune
- Ordførar Arne Sanden, Lærdal kommune
- Ordførar Marta Finden Halset, Vik kommune
- Ordførar Gunn Berit Lunde Aarvik, Voss kommune
- Marit Aafedt Fjærstad, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Kristine Ohnstad, Parkmøtet - Flåm
- Noralv Distad, Parkmøtet - Aurland
- Svein Tufte, Parkmøtet - Bakka
- Marianne Bøthun, Parkmøtet - Fresvik

## Bakteppe

Prosessen fram til Nærøyfjorden Verdsarvpark som regionalparksatsing har gått føre seg sidan midten av 1990-talet med utgangspunkt i ei utvikling i Aurland kommune som medførte at kommunen ville ta eit eige grep om forvaltninga av landskapsressursane i kommunen. Som del av bakteppet for dett var

- Kraftutbygginga i Aurlandsdalen
- Verneprosessen i Nærøyfjorden
- Utvikling innan reiselivet
- Verdsarvstatus

Svar på desse utfordringane vart m.a. utarbeidig av ein handlingsplan for natur- og landsaksforvaltning i kommunen, og eit styrka fokus på utnytting og utvikling av lokal kompetanse og kunnskapsressursar.

#### LOKAL KOMPETANSE I AURLAND

- Kompetanse NAV VEST
- Sogn jord- og hagebruksskule og Ressurssenteret
- Aurland Naturverkstad BA (nå AS)
- Aurland Natur- og Kulturarv (ANKA)
- Fjordarv prosjektet
- Lokalhistorisk senter

#### Aurlandsdalen kulturlandskap

- Aurland og Lærdal reiselivslag
- Flåm Utvikling AS og Fretheim hotel
- Fjordbui (nå Fjordopplevelsing)

Den idemessige forankringa for prosessen var m.a. sluttdokumentet Lokal Agenda 21 frå verdskonferansen om miljø og utvikling i Rio i 1992. Lokal Agenda 21 inneber at lokale styresmakter i samråd med innbyggjarane skal komme fram til ein handlingsplan/strategi som sikrar en berekraftig utvikling av kommunen , ein ny dagsorden for det 21. århundre.

Ei understøtting av regionalpark-prosessen var ratifiseringa av Den europeiske landskapskonvensjonen som vart vedteken av alle dei 45 medlemslanda i Europarådet i oktober 2000. Konvensjonen vart sett i verk i landa som hadde ratifisert avtalen i 2004 og Noreg var her blant dei første.

Landskapet er i følgje konvensjonen både ein *verdi* som skal forvaltast, men òg ein *ressurs* som kan utviklast og gje grunnlag *for ny verdiskaping*. Landskapet kan sjåast som eit *fellesgode*; både for den fastbuande, turisten og den næringsdrivande, ulike samfunnssektorar og forvaltningsnivå. God planlegging og forvaltning av landskap treng *medverking* frå mange aktørar.

Våren 2003 vart spørsmålet om bærekraftig bruk av fjellområda og bruk, vern og verdiskaping handsama i Stortinget (St.prp.nr 65 (2002-2003), også kalt "Fjellteksten"). Der la regjeringa vekt på å vise potensialet for auka bruk av fjellområda i turistsamanheng, både innanfor og utanfor verneområda. Fokus vart òg retta mot korleis dette kan skje utan at natur og kulturhistoriske verdiar blir svekka.

Etter ein forstudie finansiert av Riksantikvaren og utarbeidd av Aurland naturverkstad i 2005, vart det arrangert ein studietur og møteserie som førte til etablering av ein prosjektorganisasjon og eit forprosjekt for etablering av ein regionalpark med nemninga Aurland natur- og kulturpark. Forprosjektet sitt

interrinmstyre utarbeidde ein søknad til Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram på kulturminneområdet. Opptaket i programmet i 2007 gjorde det mogleg å prøve ut regionalpark-modellen.

Med verdsarvstatusen vart problemstillingane retta mot fleire kommunar enn Aurland og ideen om Aurland kultur- og naturpark gjekk til å bli Nærøyfjorden Verdsarvpark.

## Administrasjon og fagleg nettverk

Verdsarvparken har i dag ein administrasjon som består av dagleg leiar, rådgjevar, parkforvaltar for kulturminne og formidling og parkforvaltar for kulturlandskap. Det arbeidast og for å tilsette ein person med restaureringsfagleg kompetanse.

### ADMINISTRASJONEN I 2009:

- Erling Oppheim - dagleg leiar
- Ivar-Bjarne Underdal - rådgjevar
- Gry Mørk - parkforvaltar for kulturminne og formidling
- Åsmund Finsrud Dale - parkforvaltar for kulturlandskap

Administrasjonen som heilskap arbeider for at Verdsarvparken skal gjerast kjent i Parkkommunane og representerer stiftinga i ulike nettverk, nasjonalt og internasjonalt. Parkforvaltarane arbeider for ivaretaking av kulturminne og kulturlandskap, samt formidling av kunnskap om desse verdiane. Berre gjennom ivaretaking av natur- og kulturarven vil det vere mogleg å nytte den i verdiskaping. Restaurering og skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap har difor høg prioritet innanfor Nærøyfjorden Verdsarvpark.

Fleire prosjekt er sett i gang rundt om i grendene som følgje av hjelp frå parkforvaltaren for kulturminne og formidling til utarbeiding av søknadar om midlar til Kulturminnefondet og andre finansieringskjelder. Døme på slike prosjekt er istandsetjing av krigsminneanlegget på Ramsøy i Gudvangen, restaurering av strandsitjarnaust og stølsvegen Rimstigen på Bakka og restaurering av sjøbu i Undredal. Desse prosjekta er tildelt midlar gjennom Kulturminnefondet som er øyremerka Riksantikvaren sitt verdiskapingsprogram for kulturminne. Prosjekta inngår og i ulike planar for formidling og næringsutvikling basert på natur- og kulturarv.

Døme på skjøtsel av kulturlandskap der parkforvaltaren står for planlegging og utføring er Dorganes, Fronnes, Stalheim, Aurlandsdalen og Rimstigen i Aurland og

Storehaugen i Lærdal. Verdsarvparken er og involvert i gjerdetiltak i Dyrdal ved Nærøyfjorden. To prosjekt med merking av stiar er i gang i Aurland og på garden Vidme i Flåmsdalen. I tillegg er fleire prosjekt under planlegging.

Eit nasjonalt erfarings- og kompetansenettverk for natur- og kulturparkar, støtta av fleire departement er for tida under etablering. Aurland Naturverkstad fungerer som sekretariat for dette nettverket og vil vere ein aktiv partner i arbeidet med regionalparkar i Noreg gjennom utgreiing, planlegging, kompetansebygging, tilrettelegging og internasjonalt nettverk.

## Partnarar

Deltaking i Verdsarvparken bygger på partnerskap der bedrifter og organisasjoner som har sitt virke i og rundt Nærøyfjordområdet kan inngå frivillige, forpliktande partnerskapsavtaler. Gjennom partnerskap dreg aktørane nytte av Verdsarvparken sin kompetanse, nettverk og merkevare og kan kvalifisere til tilgang på øyremerka offentlege midlar. Avtalen inneber samstundes ei forplikting om å arbeide for ivaretakinga av verdsarvverdiane gjennom berekraftig utvikling.

Partnerskapsavtalen skal bygge på denne Parkplanen i tillegg til sjølve avtaledelen.

## PARTNERSKAPSavTALE

**Partane vil i samarbeid fylgje opp Verdsarvstatusen for  
Vestnorsk Fjordlandskap som verdiplattform for eit  
berekraftig reisemål og lokalsamfunn**



Nærøyfjorden Verdsarvpark

[www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no)

*Partnerskapsavtalen slik han ser ut i 2009.*

## PARTNARAR I PARKEN PR. 2 DESEMBER 2009:

Aurland Natur og Kulturarv	<a href="http://www.anka-nett.no">www.anka-nett.no</a>
Kystled Nærøyfjorden	<a href="http://www.kystled-sogn.no">www.kystled-sogn.no</a>
Haugen Gardsmat	<a href="http://www.haugengardsmat.no">www.haugengardsmat.no</a>
Holo Gardstun	<a href="http://www.hologardstun.no">www.hologardstun.no</a>
Li Gardstun	<a href="http://www.fjordatorget.no">www.fjordatorget.no</a>
Dee Cunningham og Hege Strømme	Stigen Gard / Fresvik
Fresvik Bygdelag	<a href="http://www.fresvik.net">www.fresvik.net</a>
Undredal Grendalag og Bygdeutvikling	<a href="http://www.undredal.no">www.undredal.no</a>
Bakka Grendalag	
Nærøy Vel	
Njardar Vikinglag	<a href="http://www.njardar-vikinglag.no">www.njardar-vikinglag.no</a>
Opplev Undredal / Underdalsbui	<a href="http://www.visitundredal.no">www.visitundredal.no</a>
Aurland og Lærdal Reiselivslag	<a href="http://www.alr.no">www.alr.no</a>
Heritage Adventures	<a href="http://www.heritageadventures.no">www.heritageadventures.no</a>
Nærøy Kulturhistoriske Anlegg	<a href="http://www.vikingvalley.no">www.vikingvalley.no</a>
Fretheim hotel	<a href="http://www.fretheim-hotel.no">www.fretheim-hotel.no</a>
Gudvangen Fjordtell	<a href="http://http://gudvangen.com">http://gudvangen.com</a>
Stalheim Hotel	<a href="http://www.stalheim.com">www.stalheim.com</a>
Sogn jord- og hagebrukskule	<a href="http://www.sjh.vgs.no">www.sjh.vgs.no</a>
Ramsøy krigsminneanlegg	

Blant partnarane i Verdsarvparken i dag finn vi grendalag, lokale produsentar, representantar frå reiselivsnæringa, frivillige organisasjonar og produsentnettverket ANKA. Intensjonen er òg at kommunane, overkommunale forvaltningsinstansar som Fylkesmannen, Fylkeskommunen, Miljøverndepartementet, Landbruks- og matdepartementet og frivillige organisasjonar som t.d. Fortidsminneforeningen og Den Norske Turistforening teiknar partnarskap.

## Verdiskapingsprogram

Nærøyfjorden verdsarvpark deltek i statlege verdiskapingsprogram på kulturminneområdet og naturarvområdet. Begge programma har fokus på vern gjennom berekraftig bruk og det utvida verdiskapingsomgrepet som rommar både økonomisk, sosial, miljømessig og kulturell verdiskaping (jf. Haukeland og Brantzæg 2009).

### Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet

Opptaket som pilotprosjekt i Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet i 2007 har gjort det mogleg å prøve ut modellen for ein norsk regionalpark i Nærøyfjordområdet.

Stortingsmeldinga "Leve med kulturminner" som vart vedteken av Stortinget i 2005 peikar på at kulturminne og kulturmiljø i større grad må takast i bruk for å utvikle levande lokalsamfunn og vere ressursar for verdiskaping i næringslivet. Som eit av fleire tiltak for å stimulere til dette starta Miljøverndepartementet og Riksantikvaren opp Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet.

Målsetjinga for programmet er å bidra til at kulturminne og kulturmiljø blir teke i bruk i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv og å utvikle modellar for samarbeid mellom eigarar, rettshavarar, næringsliv, offentlege aktørar, museum og frivillige organisasjonar.

Kulturminnefondet disponerer midlar som er øyremerka restaureringsprosjekt i områda som inngår i verdiskapingsprogrammet og som fell innanfor målsetjingane om verdiskaping. Verdsarvparken kan hjelpe fram gode prosjektsøknader om midlar, m.a. frå Kulturminnefondet. Prosjekt med verdiskapingspotensiale og som rettar seg mot ålmenta vert i den samanheng prioritert.

### Naturarven som verdiskaper

Lokale prosjekt som nyttar naturarven til verdiskaping i distrikta vert støtta av regjeringa gjennom programmet "Naturarven som verdiskaper", etablert i januar 2009. Nærøyfjorden Verdsarvpark vart teken opp som eit av ti hovudprosjekt i programmet i mai 2009. Namnet på prosjektet er "Verdiskaping skjer i møtet", og fell i stor grad saman med både visjonen, måla og satsingane for sjølve Verdsarvparken.

Det overordna målet i prosjektet er å styrke haldninga om at verdsarven har og er ein særlig verdi for kvar enkelt. Dette skal gjerast gjennom delprosjekta

- Skjøtsel som utløysande faktor for verdiskaping
- Interpretasjon (informasjon, formidling, vertskap)
- "Fjordsenter på nett"
- Bli Bygdevert-kurs
- Sti og løypesatsing
- Produktutvikling
- Delprosjekt Bærekraftige Nærøyfjorden

Hovudmålet med programmet er å bidra til at verneområde og andre verdifulle naturområde blir ein viktig ressurs i samfunnsutviklinga, og samstundes betre samarbeidet om verneområda.

Programmet skal gå over fem år og vert drive av Direktoratet for naturforvaltning (DN). Det er sett av ti millionar kroner til programmet i 2009, med intensjon om at beløpet skal aukast dei neste fire åra. Midlane skal brukast til å leggje til rette for næringsutvikling, i tillegg til kulturell og sosial verdiskaping. Dette inneber å løfte fram lokal identitet og stoltheit, og å stimulere lokalt medvit og engasjement for

naturområda.

## Merkevare

Nærøyfjorden verdsarvpark er ei merkevare som gjenspeilar verdsarvkvalitet, lokal forankring til området rundt Nærøyfjorden og drift som tek natur- og kulturverdiar i vare. Gjennom partnerskapsavtalen tek partnarane del i denne merkevara.

Verdsarvparken har førebels brukt lite ressursar på grafisk profil. I 2009 er det sett i gang ein prosess der dette skal utviklast i samarbeid med det grafiske designfirmaet Karlssens AS.

## Juridisk grunnlag

Følgjande lovverk og planar ligg til grunn for forvaltninga av Nærøyfjorden Verdsarvområde og området rundt.

- Plan- og bygningslova
- Naturvernlova med verneforskriftene til dei fem naturvernområda
- Kulturminnelova
- Andre særlover der slikt gjeld
- Planverk

### Plan- og bygningsloven (PBL)

Plan- og bygningsloven gjeld i dei busette områda innanfor verdsarvområdet som ikkje er del av landskapsvernombordet, og i området utanfor vernegrensene.

Planlegging etter PBL skal legge til rette for samordning av statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar, utbygging, samt å sikre estetiske omsyn. I lova er det definert eit plansystem med tre plannivå: planlegging på riksnivå, fylkesnivå og kommunalt nivå. Etter gjeldande lov kan fylke og kommune utarbeide tematiske planar og arealplanar. Fylka sine planar er rettleiande for kommunane si planlegging. Arealdelen til komuneplanen og reguleringsplanar/utbyggingsplanar er juridisk bindande for framtidig arealbruk. Kommunen har høve til å gje dispensasjon frå planar etter fastsette reglar for sakshandsaming.

Forvaltningsansvaret er etter loven fordelt på dei tre forvaltningsnivåa ved at dei vedtek planar på sitt eige forvaltningsnivå. Dei har og ein gjensidig rett til å uttale seg til planane på dei andre forvaltningsnivåa. I tillegg har fylkesnivå og statleg nivå rett til motsegn mot kommunane sine planar for arealbruk, både arealdelen til komuneplanen og reguleringsplanar/utbyggingsplanar. Fylkesnivå og statleg nivå har og klagerett på kommunen sitt vedtak om å gje dispensasjon frå gjeldande planar. Tiltak etter bygningsdelen i PBL skal skje i samsvar med gjeldande areadel av komuneplanen/regulerings- eller utbyggingsplan for området.

Frå 1. juli 2009 trer den nye plandelen i Plan- og bygningsloven i kraft. Ei særleg oppgåve er å verne viktige miljøverdiar ut frå langsigte omsyn. Det vert lagt til rette for større grad av utøving av lokaldemokrati i planprosessar, og mindre grad av dispensasjonar. Statlege planretningslinjer for geografisk differensiert strandsonepolitikk skal ta omsyn ulikskapane langs kysten. Såleis skal det vere enklare å få løyve til bygging i område utan press enn i område der presset er stort. Dei kommunale planane skal tilpassast dei lokale behova. Kommunen skal vedta ein planstrategi som skal avklare dei viktigaste planoppgåvane. Det vil også vere mogleg å gjennomføre plan og byggesak i same prosess.

### Naturvernlova og den nye Naturmangfoldlova

Området som ligg innanfor grensa for Nærøyfjorden verdsarvområde blir forvalta etter Naturvernlova gjennom verneforskriftene for dei enkelte naturvernområda. Naturvernlova (Lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern) gir heimel for oppretting av verneområde: nasjonalparkar, landskapsvernområde, naturreservat, biotopfredningsområde og naturminne. Ho gir også heimel for fredning av både plante- og dyreartar.

Naturmangfoldlova gjeld frå 1. juli 2009. Lova omfattar all natur, og alle sektorar som forvaltar natur eller tek avgjerder som har konsekvensar for natur. Lova inneber ei ny epoke i norsk naturforvaltning, der styresmaktene er pliktige til å vurdere tiltak når natur er trua. Lova gjev reglar om berekraftig bruk og vern av naturen og vil m.a. vere eit verkemiddel for å ta vare på natur som og ligg utanfor verneområda. Eit viktig grep er at lova skal verke saman med andre lover som regulerer bruken av naturen. Dette inneber at alle samfunnsområde får eit ansvar for at Naturmangfoldlova skal fungere.

### Kulturminnelova

Lov av 9. juni 1978 om kulturminner (Kulturminnelova) har som føremål å sikre ivaretaking av kulturminne og kulturmiljø som del av vår kulturarv og identitet og som del av ei heilskapeleg miljø- og ressursforvaltning. I § 2 i lova er *kulturminne* definert som alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg hendingar, tru eller tradisjon til. *Kulturmiljø* er definert som område der kulturminna inngår som ein del av ein større heilskap eller samanheng.

Alle kulturminne som kan tidfestast til før 1537 er *automatisk freda*. Dette gjeld òg ståande bygningar frå perioden 1537 til 1649, samt samiske kulturminne frå meir enn 100 år attende. Dersom ikkje anna er bestemt er òg ei fem meters sikringssone rundt kulturminna freda.

Det er forbod mot inngrep som t.d. skading, graving, tildekking og skjemming av

automatisk freda kulturminne. I område som tradisjonelt har vore nytta til beite og anna landbruksaktivitet kan slik aktivitet halde fram dersom styresmaktene ikkje bestemmer noko anna. Det må likevel ikkje pløyast eller gjerast jordarbeid som går djupare ned i jorda enn tidlegare.

Styresmaktene har høve til å frede kulturminne frå nyare tid (dvs. yngre enn 1537) gjennom vedtak, dersom desse har høg kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi.

Kulturminnelova skal vektleggast framfor andre lover når det blir fatta vedtak som kan verke inn på kulturminne.

## Planverk

### Fylkesplan

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utarbeidd fleire fylkesdelplanar. I fylkesplanen for Sogn og Fjordane 2005 – 2008 (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2004) er verdiskaping eit satsingsområde. Innanfor området tenesteyting er Reiseliv – bygd på naturen og kulturarven peika på som eit satsingsområde. Fylkeskommunen vil mellom anna satse aktivt på kombinasjonar innan matproduksjon, kultur, natur, oppleveling og reiseliv.

Det er utarbeidd ein eigen fylkesdelplan for landbruk (Sogn og Fjordane fylkeskommune/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2002). Hovudmålet i denne er: Livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane. Eit par av delmåla kan trekkast ut som svært aktuelle for parkområdet, det gjeld:

- Halde på fylket sin relative del av matproduksjonen i Noreg
- Vedlikehalde og fornye kulturlandskapet

Felles kommunedelplan for villrein i Nordfjella/Hardangervidda villreinområde  
Planen gjeld kommunane Aurland, Hemsedal, Hol, Lærdal, Ål, samt Ulvik herad.  
Føremålet med planen er å sikre tilfredsstillande levetilhøve for villrein i fjellområda mellom Rv 52 og Bergensbanen/kommunegrensa mot Eidfjord.

### Fylkesdelplan for villrein

Planen er under utarbeiding.

### Kommuneplanar

#### Felles kommunedelplan for villrein

#### Kommunedelplan for kulturminne i Aurland kommune

### Reguleringsplanar

Verdsarvområdet inneheld og busette område som ikkje er verna etter

Naturvernlova. Desse områda er forvalta av kommunane etter Plan- og bygningslova. Busettingsområde som ligg innanfor verdsarvgrensene skal forvaltast på ein slik måte at natur- og kulturminneverdiar ikkje vert forringa. Det er dirfor viktig å sikre heilskapeleg planlegging t.d. gjennom reguleringsplanar.

Forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet tilrår kommunen å utarbeide reguleringsplan for Dyrdal, Bakka, Gudvangen og Ramsøy i Nærøyfjorden. Med unntak av Ramsøy er desse under utarbeiding.

#### Forvaltningsplan for Nærøyfjordområdet

Det er utarbeidd forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjordområdet (Forvaltningsplan. Vestnorsk fjordlandskap. Delområde Nærøyfjorden.).

Forvaltningsplanen skal danne grunnlag for ei positiv utvikling i verdsarvområdet som sikrar natur- og kulturlandskapsverdiane. Ein forvaltningsplan for eit verneområde skal fremje føremålet med vernet og gje nærmare retningsliner for praktisering av verneforskriftene. Planen skal vere ein overordna styringsreiskap til bruk for forvaltningsstyremaktene for å sikre at nasjonale, politiske føringar for naturvernet i Noreg vert fylgt opp i praksis. Innan denne ramma skal dei tradisjonelle aktivitetane takast vare på og utviklast vidare. Grunnlaget for ei positiv utvikling i lokalsamfunnet basert på berekraftig bruk skal leggjast til grunn i forvaltninga.

Forvaltningsplanen inneholder ei oversikt over viktige problemstillingar om tilhøret mellom vern og bruk og skisserer tiltak som kan gjennomførast for å fremje ei balansert forvaltning innanfor dei rammene som verneføremålet set. Forvaltningsplanen tilrår samstundes utarbeiding av meir detaljerte skjøtselplanar og ymse utviklings- og tilretteleggingstiltak.

# Levande samfunn



# LEVANDE SAMFUNN

Der naturen ligg til rette for det, på stader langs fjorden og i dalane, finn vi bygder, grender og gardar. Dei fleste av bygdene og glandene er bærekraftige, moderne samfunn med fast busetnad, men nokre grender og gardar har vorte fråflytte. Nokre av desse har fått ein ny bruk gjennom turisme og friluftsliv. På kvar sine vis gjev bygdene oss eit innblikk i korleis fjordlandskapet styrer og legg tilhøva til rette for bestemte næringsformer og busetnad.

Bygdene og store og små glandene utgjer til saman innbyggjarane i parken. Dei største konsentrasjonane av folk finn ein kring sentrumsområda i dei ulike kommunane. Viktigast mellom desse i parksamanheng er Aurlandsvangen. Også Lærdalsøyri og Vikøyri ligg nær verdsarvområde, og har kulturkvalitetar som naturleg kan knyte seg opp til verdsarvparken.

Tre noko mindre, men svært levande bygdesamfunn er viktige i parksamanheng både geografisk og strategisk; Flåm og Undredal i Aurland og Fresvik i Vik. Fleire små grender ligg inne i eller tett opptil verdsarvområdet. Inne i verdsarvområdet ligg Bakka, Gudvangen og Nærøy, og Stalheim. Nært opptil ligg Vassbygdi i Aurland og Frønningen i Lærdal. Ein har fleire gardar eller glande utan fast busetnad, som likevel har stor aktivitet om sommaren, som glanda Dyrdal og glandane Styvi og Stigen langs fjorden, og Sinjarheim i Aurlandsdalen.

Dei viktigaste næringane i Verdsarvparken er landbruk og reiseliv. Kraftproduksjon gjev og store inntektar til kommunane, sjølv om sysselsettinga innanfor kraftproduksjon har gått ned. Området har få industribedrifter, men nokre få av desse er likevel svært viktige for sysselsettinga i bygdemiljø i området. I Aurland er også utdanning viktig ved den vidaregåande skulen Sogn jord- og hagebruksskule. Bergverk og masseuttag er i dag ein mindre, men viktig industri. Det er knytt store forventningar til ei større utnytting av anorthositt i framtida. Reiselivsnæringa i Aurland er stor. Hovudtyngda av turismen fell på nokre få store aktørar. Desse er viktige berebjelker i kommunen. Det er likevel ei utfordring å få turisten til å bli lengre, og å oppleve naturen og den lokale kulturen på nært hald.

## Landbruk

Landbruk er viktige næringar i alle dei fire verdsarvkommunane, men næringa er trua av nedlegging grunna därleg lønnsem og aukande krav til fjøs og bygningar som fordrar investeringar mindre bruk ikkje kan bære.

Dei fleste gardsbruka i området er små eininger, men aktivt drivne bruk har gjerne eit årsverk knytt til grønsaker (størst i Lærdal) frukt, bær (størst i Vik og delvis i Lærdal) og/eller dyrehald. Dyrehaldet er hovudsakleg sau, ein del geitebruk (i Aurland), noko storfe med kjøtproduksjon og svært avgrensa mengder mjølkekjyr.

Dei største brukna ligg nede på elveslettene, men her er og mange tungdrivne bruk med bratte innmarker. Dette har gjeve opphav til eit småskala kulturlandskap. Bratte gardar og høgdegardar egner seg godt til geitebruk, og særleg i Aurland har geit vore svært viktig.

#### Reiseliv

Turistferdsla til det som i dag vert kalla Nærøyfjorden verdsarvområde har djupe røter. Både biletet og skriftlege dokument syner at området har vore reisemål og inspirasjonskjelde for reisande frå heile verda i ein periode på 150-200 år. Laksefiske og reisande med jernbane og cruiseskip har bidrige til framvekst av både Flåm og Gudvangen som turistmål, og til at Stalheim har vidareutvikla seg frå si rolle som stoppestad mellom aust og vest.

#### Naturen

No som før er det først og fremst naturen folk kjem for å oppleve, slik som elvene sin flaum gjennom tronge dalar, fossane sitt fall nedover steile fjell som fjordane buktar seg imellom, eller vidstrakte fjellandskap.

#### Kulturen

Eit aukande tal besökande søker også kulturelle opplevelingar. Dei søker det ekte og særprega, det lokale og tradisjonsrike. Eigne opplevelingar av syn, smak eller lyd av lokal kultur og historia bakom er ei veksande interesse.

#### Opplevingstilbod

Opplevingstilboden i verdsarvområdet er veksande, og byrjar å få større breidde. Flåmsbana og turar med rutegåande båtar er velkjende tilbod som vert nytta mykje i masseturismen. Ein del charterturar med båt, både av lokale og eksterne tilbydarar, vert og nytta. Men her finst og tilbod frå lokale tilbydarar med små volum. Det meste av dette kan kallast opplevingsturisme. Dei fleste alternativa til turar er utan motor: kajakk, robåt (kystled), fotturar og sykkelturar med guide. Her er og alternativ for naturoppleving med hurtiggåande, opne ribbåtar. Fleire av turistbedriftene har som mål å gje gjesten opplevelingar. Mellom desse er også smaksopplevelingar svært viktig (sjå eige avsnitt nedanfor). Tilreisande kan og søke opplevelingar utan å nytte tilrettelagte betalte aktivitetar. Dette kjem fram under avsnittet "opplevingar" nedanfor.

Felles marknadsføring av det lokale reiselivet går føre seg gjennom Aurland og Lærdal reiselivslag, Visit Voss og Visit Sognefjord (ein overbyggande føretak for turistinformasjon for kommunane langs Sognefjorden, der Vik, Aurland og Lærdal er inkludert) og det nyskipa Reisemål Vik i Sogn. Fjordnorge er dessutan ein viktig aktør

i marknadsføringa av reiselivet på heile Vestlandet, også kring verdsarvområdet.

#### Mat og drikke

Matopplevingar der lokal tilknytting står som eit sentralt kvalitetsstempel er svært viktig for Verdsarvparken. Den lokale tilknytninga kan være både gjennom råstoff og matkultur, gjerne begge delar som t.d. ved meieriverksemndene i Undredal og i Vik. Mengda og mangfaldet av aktørar og produkt innan bygdeturisme- og gardsmatnæringa har siste åra vore i sterk vekst, ikkje minst på Vestlandet (ein tredjedel av medlemane i bransje- og markedsorganisasjonen Norsk Bygdeturisme og Gardsmat er frå Sogn og Fjordane fylke). Lokalsamfunna kring verdsarvområdet tek del i denne veksten.

Delar av reiselivet marknadsfører seg med lokal mattradisjon. Fretheim Hotell i Flåm peikar seg ut mellom dei større bedriftene. Her vert det og servert økologiske grønsaker frå Sogn jord- og hagebruksskule. Også andre serveringsbedrifter serverar lokalmat i mindre skala, både på eigen gard, på turisthytte, på bygdetun og på bestilling for små og store selskap og arrangement.

Lokalt sal av produkta er ei utfordring. Ein har nokre få gardsmatutsal i området, og eit avgrensa sal av lokale varar frå butikk. Nokre produsentar sel det meste på messer og marknader, og på Lærdalsmarknaden, Aurlandssmarknaden og

#### KOMPETANSENAVET FOR SMÅSKALA, ØKOLOGISK MATPRODUKSJON

- Tilknytning til Sogn jord- og hagebruksskule
- Hjelper produsentar innanfor småskala matproduksjon med kunnskap for å gjennomføre satsinger frå råvareproduksjon til ferdig pakka og salbare produkt



#### AURLAND NATUR- OG KULTURARV

- Pioner i arbeidet med småskala produksjon av mat med lokal tilknytning
- Foredling av lokal produksjon, servering av lokale produkt og formidling av lokale mattradisjonar er kjerneområdet i arbeidet
- Produktutvikling ut frå ein definert kvalitetsplattform (merkevare)

julemesser kan ein kjøpe stadeigne produkt. Elles vert det og seld på messer utanbygds, mange nyttar seg av "Bondens marknad" i Bergen. Noko av salet går og føre seg direkte frå den aktuelle garden, dette er mest av lokale kjøparar. Det finst ikkje noko utsal som sel varar frå heile parkområdet.

## ORGANISASJONAR OG ARRANGEMENT

- Organisasjonen Slow Food Sognefjord (stifta av initiativtakarar frå Aurland)
- Smak Sakte festivalen
- Geitostfestivalen i Undredal
- Gamalostfestivalen i Vik
- Lærdalsmarknaden
- Aurlandsmarknaden

## Kunst og handverk

Det er i dag nokre få bedrifter i området som utøver handwerkstradisjon. Dette er føretak innan både biletkunst, vev, dreiling/møbelsnekring, og klesdesign med bruk av kjeskinn. Nokre av dei lokale snekkar- og tømrarbedriftene held og bygningstradisjonar i hevd, både gjennom spisskompetanse på restaurering av gamle bygningar og gjennom å nytte lafting som bygningsteknikk.

## Aurlandsskoen

Tradisjonelt har Aurland vore ein stad med mange salmakarar og med skoproduksjon. I dag finst ein skomakarbedrift att, Aurlandsskoen. Denne står som eit symbol for tradisjonelt handverk i Aurland. Eit besøkssenter i form av eit economuseum er under arbeid i 2009.

## Vikingenes dal

I vikinglandsbyen i Gudvangen vert det og tilverka smykker og bruksgjenstandar i vikingtradisjon.

Ein har i tillegg noko (kunst)handverk som vert gjort på hobbybasis.

## Opplevingar

I Verdsarvområdet finst opplevingar for alle. Årvisse arrangement har auka i type og tal. Kall dei gjerne "dei gode hendingane"! Utover marknadane og festivalane vil vi her nemne opplevingar der ein ikkje betalar for tilrettelegging (utanom evt. overnatting på DNT hytte).

## Marknader og festivalar

Marknads- og festivaltilbodet i Verdsarvkommunane er stort. Både marknader og festivalar fokuserer på lokal mat og handverk, kunst, kultur og kulturhistorisk formidling.

### DØME PÅ RELEVANTE ARRANGEMENT:

- Gamalostfestivalen i Vik
- Lærdalsmarknaden
- Aurlandsmarknaden
- Vikingmarknad i Gudvangen
- Norrøne Sommerleikar i Gudvangen
- Geitostfestival i Undredal
- Slåttefest i Undredal
- Nynorske Litteraturdagar i Aurland
- StrandaMessa på Vinje
- Aurlandsmarsjen
- Verdsarvturen (Bakka til Dyrdal ved Nærøyfjorden)
- Kongemarsjen (postvegen) (frå Bleiklindi til Styvi ved Nærøyfjorden)
- Fresn festivalen i Fresvik
- Mensen Ernst minneløp

## Turar

Foruten dei sterkt profilerte, etablerte og dels organiserte tur- og reiserutene i området, finst her ei mengd turar både for dei som ønskjer ein liten spaserrunde, ein dagsutflukt eller ein skikkeleg langtur.

Dei meir kjente og organiserte turane finn ein gjerne fram til ved å kontakte eller sjå på heimesidene til turistkontora eller reiselivslaga i regionen. Dei mindre kjente turperlene rundt om i verdsarvområdet får ein oftast kjennskap til i møte med innbyggjarane i lokalsamfunna. Turistforeningen har merka ei rekke flotte turruter i området. Viktige innfallsportar til turar inn i verdsarvområdet er mange. I DNT sitt rutenett finn ein T-merka stiar opp Øvsthusdalen frå Stalheim, Ljosanddalen frå Mjølfjell, Ljosdalen frå Flåm og Jonadalen frå Undredal. Det går og ei rekke stølsvegar som er lette å følgje, gjerne med varding på fjellet, inn i området. Eit godt døme er stølsvegen frå Engi i Fresvik over fjellet der ein passerar brefoten på Fresvikbreen, og ned til stølsdalen Fresvik-Jordalen. Rimstigen som klyv bratt oppover

frå Bakka er eit anna døme der ein lokalt har teke initiativ til å setje i stand og halde ved like den opplevingsrike stølsvegen. Området har og kjende fotturar utanom verdsarvområdet, men der opplevelinga kan seiast å ha "verdsarvkvalitet". Gode døme er Aurlandsdalen, Rallarvegen i Flåmsdalen, dei historiske vegane Vindhellavegen, Seltåsen og Sverrestigen, alle mellom Husum og Borgund Stavkyrkje i Lærdal.

Turistforeningen arrangerer mange turar i verdsarvkommunane gjennom året. I 2009 vert det helde i alt 19 arrangement fordelt på 17 ulike turar med ulike tema og ulik lengde. Ein turkalender ligg på nettsidane til parken.

#### DØME PÅ TURRUTER:

- Øvsthusdalen frå Stalheim
- Ljosanddalen frå Mjølfjell
- Ljosdalen frå Flåm
- Jonadalen frå Undredal
- Stølsvegen frå Engi i Fresvik til Fresvik-Jordalen
- Stølsvegen frå Engi i Fresvik til Huldafossen
- Rimstigen på Bakka
- Auirlandsdalen
- Rallarvegen i Flåmsdalen
- Historiske vegar i Lærdal: Vindhellavegen, Sverrestigen, Seltåsen

Nettsida til Verdsarvparken, [www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no), har ei oversikt med omtale av arrangement og turar. Mellom anna nemnast Kystled Nærøyfjorden (tur med robåt), Verdsarvturen (Bakka-Dyrdal via Rimstigen), Kongevegmasjen (Postvegen frå Bleiklindi til Styvi) og Aurlandsmarsjen. Turlaget i Aurland arrangerar kveldsturar på onsdager, ofte inn i verdsarvområdet.



Landskapet bind oss saman

# LANDSKAPET SOM BIND OSS SAMAN

Eit overordna mål med Nærøyfjorden Verdsarvpark er å dra nytte av området sine verneverdiar i lokal verdiskaping. Verneverdiane er knytt til natur gjennom landskap, geologiske og biologiske tilhøve og kultur gjennom kulturminne- og kulturmiljø, særleg kontrastane og samanhengen mellom natur- og kulturlandskapet. Desse verdiane er verdsette av storsamfunnet gjennom nasjonalt vern og gjennom ein status som verdsarvområde, ei anerkjenning av det unike ved området, også i globalt perspektiv. Avgrensinga av verdsarvområdet er ikkje samanfallande med førekomensten av desse verdiane. Difor strekk Verdsarvparken seg også utover slike administrative forvaltingsgrenser og er samansett av menneske som deler det same ressursgrunnlaget i sitt daglege liv og verke.

Forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet oppsummerar verneverdiane slik:

”I Vest-Noreg finn ein det mest utprega fjordlandskapet i verda. Nærøyfjorden er eit av dei beste døma på fenomenet fjord, og området har difor ein særstak høg verdi som referanseområde. Landskapet er rikt på kontrastar, med eit unikt samspel mellom naturlandskap og kulturlandskap. Området er lite prega av moderne tekniske inngrep. Det er også stor spennvidde mellom fjord og fjell som gir eit variert bilet av fjordfenomenet med sine særmerkte formasjonar, levande geologiske prosessar, og kontrastar frå strandline med mildt klima, til høgfjell med brear og evige fonner.”

## Ressursforståing

Nærøyfjorden Verdsarvområde har svært store landskapsmessige, naturfaglege (geologiske og biologiske) kulturmessige og, dermed, opplevingsmessige verdiar. Desse verdiane er ikkje knytt opp til avgrensinga av verdsarvområdet som kan sjåast som kjernen i eit større område som inneheld dei verdiar og kvalitetar som er nytta som argument i verdsarvsøknaden. Mykje av identiteten i verdsarvområdet er knytt til sjølve fjorden med bruken og den landskapsopplevinga det er å ferdast på Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden. Arealmessig inneheld området mest fjell med store urørte fjellområde. Fjella dannar kontrastar til fjordar og dalar, som kvar for seg dannar heilskafelege område. Skildringa under tek utgangspunkt i verdsarvområdet og dei kringliggande områda i kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss.

Busetnaden i Verdsarvparken er i stor grad knytt til fjorden og dalbotnen i djupskårne U-dalar. Heilt i sør-vest spelar fjorden mindre rolle for busetnaden.

### Landskap

Noreg er delt inn i ulike landskapsregionar, basert på fellestrekke i landskapet (NIJOS 2005). Nærøyfjorden verdsarvpark ligg innanfor 3 landskapsregionar. Dei lågareliggende områda finn ein i region 23, Indre bygder på vestlandet. Dei høgareliggende områda fin ein i hovudsak i region 15, lågfjellet i Sørnoreg, men i aust, grensande opp mot Hallingskarvet, ligg og ein del areal i region 16, høgfjellet i Sørnoreg. Landskapsregionane er igjen delte inn i underregionar. Kvar av dei 9 underregionane vi finn innanfor Verdsarvparken er i seg sjølv unike og har særtrekk med stor opplevingsmessig verdi.

Lågland med busetnad og kulturlandskap - Indre bygder på Vestlandet  
Landskapsregion 23 der vi finn alle dei lågareliggende områda i Verdsarvparken, vert kalla Indre bygder på Vestlandet. Låglandsområda er delt inn i ulike underregionar.

### Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden

Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden, kjernen i Verdsarvområdet, ligg i underregion 23.6, Aurland. Underregionen femnar saman med fjordane også Aurlandsdalen, Flåmsdalen og Nærøydalen, med både Stalheim og Jordalen. Landskapet i underregionen er svært karaktersterkt. Eit trøngt fjord- og dalsystem skapar veldefinerte landskapsrom. Bratte fjellveggar og store fossefall skapar dramatikk og rørsle i møte med fjordane. Ein finn tre hovudtypar av landskap i underregionen; fjord, fjoddalar og hengande sidedalar. Hovuddalane, Nærøydalen, Aurlandsdalen, Lærdalsdalen og Flåmsdalen er fjorddalar. Langs dalsidene finn ein skarpe elvegjel, hengande sidedalar, raskjegler og fossar. Hovudelva i dalbotnen er og eit sentralt landskapselement. I dei brattaste, og v-forma delane av dalane går ho brusande og dramatisk og skapar liv i landskapet. I dei u-forma delane, ofte med landbruksareal på begge sider, renn elva rolegare, men er framleis sentral og samanbindande som landskapselement. Den høgtliggende jordbruksdalen Jordalen skil seg dels frå dei andre busette dalane ved å ha eit meir ope preg. Hovudforma er rolegare med ei vidare dalform og slakare fjellsider. Dalen er døme på ein hengande sidedal. Dei fleste stølsdalane som går innover som sidedalar frå fjorden, eller ein av hovuddalane, er og denne landskapstypen. Den mest "berømte" landskapstypen i området er fjordane. Eit særegne karaktertrekk ved landskapstypen er at vassflata dannar eit veldefinert, heilt flatt "golv" i landskapsrommet. Elles har landskapet mykje felles med

fjorddalane, med rasmek, skarpt hoggne elvejuv i fjordsidene, sideelvar med fossefall og sidedalar som går innover høgt opp i fjordsida. Kulturlandskap er ein viktig opplevingsfaktor i underregionen, særleg kontrasten mellom vill natur og kulturprega areal.

#### Lågareliggende delar av Vik kommune med Fresvik

Underregion 23.10, utgjer Fruktbygdene i Indre Sogn. Bygdene ligg langs fjorden der den vide Sognefjorden gjev ei open avgrensing mot nord. Fresvik ligg lengst aust og vert avgrensa av Aurlandsfjorden mot vest. Den vide fjorden, med sikt over til Leikanger gjev landskapet eit meir rolig og ope preg enn ein finn i dei andre bygdene i området kring Verdsarvområdet. Bygda Fresvik ligg som ein viktig inngangsport til Verdsarvområdet, spesielt for turar innover mot Fresvikbreen og dei flotte fjellområda. I overgangen mot den storforma fjorden ligg store skogsåsar, der ein på utsiktspunkt kan oppleve vide utsyn og opne landskapsrom, medan ein inne i terrenget opplever eit småskala landskap med mindre definerte romavgrensingar av vegetasjon og lågare koller.

#### Frønningen i Lærdal kommune

I underregion 23.8, Fjordmøte er landskapskarakteren prega av kontrasten mellom den vide forgreina fjorden med lange siktelinjer og opne landskapsrom, og dei markante veggane i fjella omkring. Veksling mellom bratte fjellveggar og slakare, skogkledde lisider ender i lågare åsområde som t.d. Åsen på Frønningen. Spesielt dramatisk er Bleia med sine 1700 m høgd med fjellvegg, kløfter og skredfar.

#### Lærdalsdalen

Underregion 23.7, Lærdal, er eit skuleksempel på ein u-forma dal. Dalen er lang og svingete med flate elvesletter i veldefinerte landskapsrom delte opp av smale dalparti med tronge elvegjel. Som i Nærøydalen/Nærøyfjorden finn ein flotte rasvifter, bratte gjel og skor i fjellsidene og hengande sidedalar. På Øyri og utover mot Erdalen har ein fjordkontakt, elles spelar fjorden ein mindre landskapsmessig rolle i dalen. Lærdal er ein jordbruksdal som veksler mellom storskala jordbrukslandskap i dei vidaste delane av dalen og småskala jordbrukslandskap på smalare parti og i sidedalar. Elveterassar på fleire nivå oppetter dalen er og viktige landskapselement.

## Brekkedalen og Oppheim i Voss kommune

Underregion 23.5, Voss, skil seg frå dei andre ved å vere eit innlandsområde utan kontakt med kyst. Det overordna landskapet har også ulik karakter. Her finn ein vide daler med slake dalsider og store åser, omkransa av store, avrunda fjellmassiv. Eit ope og storskala landskapsrom er dominerande. Brekkedalen kan i form minne om Jordalen (underregion 23.6, Aurland), men med sterke fjellpreg allereide frå inngangen av dalen.

## Fjellområda

Arealmessig er fjell den største naturtypen i Verdsarvparken. Her finn ein landskap med viddepreg og alpine område med skarpe ryggar og bratte stup. Brear, fjellryggar og skarv opp til over 1700 meter skapar dramatikk i landskapet og utfordringar for turgåaren. I dei høgareliggjande laga er eit stort innslag av blokkmark, skavlar og brear. I dei lågaste delane ligg fjellstølane som grøne oasar. Ein kan oppleve kontrastar mellom frodige og skarpt grøne stølsdalar og goldt snaufjell med blokkmark og is. Mange plassar overraskar floraen med stor artsrikdom i dei kalkrike fylittområda. Her har villrein, jerv og rovfugl tilhald. Høgfjellet er mellom dei viktigaste rekreasjonsområda i området, og er mykje nytta til friluftsliv både sommar og vinter, i form av ski- og fotturisme, jakt og fiske. Fjellområda ligg innanfor landskapsregion 15 og 16.

Innanfor verdsarvområdet og tilgrensande fjellområde kan ein skilje ut tre samanhengande område;

### 1 Underdalshalvøya, Flåmsfjella og Vossaskavlen

Fjellområda som skil Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden utgjer saman med Flåmsfjella og fjella kring Voss underregion 15.10, Vossaskavlen. Underregionen har ulike eigenskapar i nordlege og sørlege delar, men heng naturleg saman som ein del av det same overordna fjellmassivet. I sør har ein storskala og avrunda formasjonar med paleiske formar (vide og liggjande) medan ein i nord, på Underdalshalvøya (*Grindafletene - Steganosi og Syrdalsbreen*) har eit landskap med skarpe dalar og mindre botnar, av same type som områda kring Fresvikbreen (underregion 15.11) og kantane av underregion 15.12. Fjellmassivet vert her oppbrote av ei rekke nordaust orienterte fjellryggar som og er skilje mellom til dels bratte sidedalar som

munnar ut i fjorden eller hovuddalføra.

Særlege naturfenomen/landskapselement:

- Grånosmyrane naturreservat ligg i denne underregionen, på grensa mellom Voss og Aurland. Underdalshalvøya er ein del av Nærøyfjorden landskapsvernområde.
- Mellom Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden ligg Syrdalsbreen med fleire mindre fonnar.
- Kalkrike fjellområde i Flåmsfjella
- Del av Nordfjella villreinområde i nord-aust

## 2 Fresvikbreen med nærliggande fjellryggar

Fjellområda i, og tilgrensande til Nærøyfjorden landskapsvernområde på nord-vestsida av Nærøyfjorden utgjer austlege del av underregion 15.11, Stølsheimen/Kvitnosi/Såteggi.

Spesielt for Fresvikfjelli (austlege del av underregion 15.11, sjå over) er platåbreen Fresvikbreen og eit landskap forma av lokal glasiasjon i etterkant av påverknadane frå innlandsisen. Her er særstakt djupe botndalar med høge, stupbratte dalsider og mindre botnar opp mot fjellplatået breen ligg på. Dalane er delte inn av skarpe fjellryggar og dalskuldrar med blokkhav. Særlege naturfenomen/landskapselement:

- Fresvikbreen
- Kulturhistoriske fangstanlegg for villrein
- Del av fjellheimen villreinområde
- Kalkrike fjellområde og rike fjellbeite i Fresvikjordalen

Fresvikbreen er ein platåbre, og det største området med evig snø og is i Nærøyfjordområdet. Toppen av breplatået ligg på 1648 m o.h. Oppunder breen ligg fleire små vatn. I kalde somrar eller i tider med snørike vinter blir desse seint eller aldri isfrie. Stølsvegen mellom Fresvik og Jordalen går like forbi breen, forbi Gryteskarven. Området kring breen er høgfjellsprega med lite vegetasjon. Fjellområda i aust og sør er prega av typiske, flate, høvesvis smale ryggar med stupbratte sider ned i dalane under. Ryggane er dominert av blokkmark. Området er rikt på førhistoriske fangstanlegg. Med noko bakgrunnskunnskap om kva desse steinformasjonane eigentleg er, gjer desse mektige inntrykk. Sørover frå breen dannar fjella Tverrbotnnuten, Smørbotnnuten, Vassetnipa, Skarsnosi og Fetanipa ei line berre avbrote av skard.

### *3 Bleia – Storebotnen og Lærdals - Aurlandsfjella*

Vestlege delar av Aurlands- og Lærdalsfjella utgjer underregion 15.12, Bleia. Underregionen er svært variert. Store massiv dominerer landskapsbiletet, med fjella Bleia og Blåskavlen som markante døme. Ein har høgtliggende, vide fjelldalar og eit platånivå i høvesvis jamn høgde. I sør er landskapet oppreve med skarpe ryggar og bratte dalar og småbotnar inn mot Blåskavlaplatået. I vest er den stupbratte fjellsida til Bleia oppreve av skarpe gjel som går ”rett i fjorden”. I aust har ein også botnar og skarpe dalar ned mot Lærdal. Austover vert hovudforma roleg og meir avrunda, men med markerte fjelltoppar som stikk ovanfor platånivået. Verneområda Bleia-Storebotn landskapsvernombord og øvste delen av Bleia naturreservat ligg nord og nord-vest i denne underregionen.

Særlege naturfenomen/landskapselement:

- Blåskavlamassivet med Blåskavlen, som er mindre bre med høgste punkt i ein fjelltopp på 1809 moh.
- Hornsnipa (“Hodn”) som stikk opp som ein pigg utgjer eit viktig landemerke langs fjellovergangen Aurland-Lærdal
- Bleia, landemerke frå Sognefjorden og frå landområda på andre sida av fjorden, med naturfaglege verdiar store nok til å verte eit eige naturreservat (nemnd innleiingsvis i kapittelet ”Landskapet som bind oss saman”).
- Del av Nordfjella villreinområde

Aust og sør-aust går Aurlands- og Lærdalsfjella over i underregion 16.2, Skarvefjell. Dette er høgalpine område. Området har ei grunnflate på 14 – 1500 m. med liten høgdevariasjon men er oppbrote av ein rekke skarv, fjelltoppar med bratte stupkantar. Her grensar Verdsarvparken opp mot Hallingskarvet nasjonalpark. Her ligg Storskavlen, som er den nest største breen i parken, saman med ei rekke andre småbrear/fonner, m.a. Vargebreen.

- Storskavlen
- Sentral del av Nordfjella villreinområde

### *Vern*

Nasjonale verneområde grensande til kvarandre er utgangspunktet for Verdsarvområdet. Verdsarven er ein samanbindande faktor i området og omkringliggende område knyter seg opp mot denne.

Det at store areal er verna etter naturvernlova understrekar den høge naturverdien i området. Verdsarvområdet inneheld to landskapsvernombord og tre naturreservat. Naturreservata er oppretta for å beskytte

- nasjonalt verdfulle førekommstar av våtmarksfugl; Grånosmyrane naturreservat (fuglefredingsområde)
- nasjonalt verdfulle område med gamalskog av furu; Nordheimsdalen naturreservat (barskogsvern)
- nasjonalt verdfullt område for kvartærgеologiske fenomen, urskogsliknande skog og førekommst av urvalmue med ein av få vokseplassar i verda; Bleia naturreservat

Landskapsvernområda er unike område, spesielt geologisk, som til saman syner svært viktige delar av korleis Noreg og fjordlandskapet på Vestlandet har vorte forma. Dei har og store verdiar knytt til kulturlandskap, biologi og landskapsoppleveling.

I tillegg til verneområda som inngår i verdsarvområdet har Aurland kommune ein flik av Hallingskarvet Nasjonalpark. I dette området finst høgalpine område med brear og evige snøfonner. Området er dessutan ein del av leveområdet til ein av Noreg sine siste populasjonar av fjellrev.

## Geologiske og naturgeografiske verdiar

### Fjordlandskap

Geologisk kan området klassifiserast som eit særskilt velutvikla klassisk fjordlandskap. Landskapet er eit ungt, og geologisk aktivt, glasialt landskap. Geomorfologisk er området særprega. Både fjordane sjølv og mange sidedalar utgjer gode døme på typiske isbreforma U-dalar. Mellom sidedalane er og klassiske "hengande sidedalar".

### Berggrunn

Store delar av berggrunnen i området hører til Jotundekket og dannar grunnlaget for vegetasjon, næringsgrunnlag og busettnad i området. Under den kaledonske fjellkjedefoldinga vart store flak av grunnfjellsbergartar skuva saman og omdanna til gneis, gabbro, mangeritt og anorthositt. Desse bergartane er næringsfattige og harde bergartar. Dei la seg oppå yngre, fyllittiske bergartar. Anorthositt er ein omdanna størkningsbergart som er bygd opp av mineralet feltspat. Dette er ein veldig lys bergart og kjem fram i terrenget i form av lyse gråtonar på snaufjellet. Dette kjem særleg godt fram i Bleia – Storebotn området der anorthositiske bergartar dominarar. Eit blikkfang er og Kvitmålane under Skomakarnipa i inngangen til Nærøyfjorden. Her lyser den kvite, steile bergveggen mot alle som kjem utover frå Aurland. Anorthositt har kommersielt interessante eigenskapar. Dei viktigaste førekommstane som kan vere av næringsinteresse finn ein i eit større område kring Jordalsnuten.

Fyllitten kjem fram i overflata fleire plassar og skapar grobotn for kalkkrevjande plantesamfunn. Dette har vore med på å gjere både Aurlandsdalen og Flåmsdalen kjende mellom botanikarar og andre naturinteresserte. Bergarten forvitrar lett og kan være ustabil. I Flåm ligg store fjellområde med fylitt som skapar rasfare.

### Storskala landformar

Ved Bleia er fjordlandskapet spesielt storfelt. På nordsida finn ein det største samanhengande reliefet i Sognefjorden, frå fjordbotnen (1000 m djupt) til toppen av Bleia (1717 moh). På nordsida av Bleia dannar ravinar og ryggar uvanleg storslegne, særmerkte former. Dei kvartærgeologiske prosessane er her særskilt aktive. Topplatået av Bleia og fjellområda sørover er restar av det gamle slettelandet (peneplanet). Dei representerar soleis landformene frå før istidene.

### Skred

Dei bratte fjordliene gjev rike moglegheiter for å studere kvartærgeologiske fenomen som faste skredfar og raskjegler og årvisse snøskred. Inste- og Ytste Drøfti på nordsida av Bleia er dei mest markerte og særmerkte skredfara i parkområdet. I Nærøyfjorden utgjer Breidskrea utom Bakka og eit markert stort skredfar like ovanfor Styvi gode døme. I Bleiaområdet, ovanfor Revsnes, trer det fram tydeleg spor etter eit større fjellskred. Oppover dalen i Lærdal er det også ei rekke døme på skred og rasvifter.

### Botnar

Inst i dalane finn ein gjerne markerte botnar. Her ligg ofte små vatn danna av botnbrear som har skura seg nedover i berggrunnen. Eit særleg godt døme finn ein i Huldabotnen inst i Styvisdalen og Undredalsvotni aust for Skammadalshøgdi.

### Brear

Innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombjørga finn ein både større brear og mindre "evige" snøfonner. Den største breen er Fresvikbreen (1648 moh) på vestsida av Nærøy-fjorden. På austsida ligg den mindre breen Syrdalsbreen (1761 moh). På austsida av toppen av Bleia (1717 moh) ligg også ein liten bre. Nær Fresvikbreen, og i fjellområdet mellom Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden finn ein også fleire småbrear og evige fonner. Elles finn ein ei rekke store fanner og "småbrear" i fjellområda i Aurland, utanom verneområdet. Dei viktigaste er Vargebreen og Skommabreen, som er sett saman av fleire store fanner og

breane Blåskavlen og Storskavlen.

## Fossar

Dei store fossane inst i Nærøydalen, Sivlefossen og Stalheimsfossen er kjende attraksjonar. I Flåmsdalen finn ein flotte fossar med Brekkefossen og Rjoande som dei mest kjende. Utanfor verneområdet er og ei rekke flotte fossar, gode døme er Stødnofossen i Lærdal og Turlidfossen i Aurland. Berre langs Nærøyfjorden kastar 25 fossar seg utfor. Kjelfossen i Gudvangen med 150 m fritt fall og 840 m totalt fall har det høgaste totale fallet av fossane i Noreg. Etter at breisen forsvann, er det i kvartærgelogisk samanheng mykje det frie vatnet i elver og bekkar som formar landskapet. At det finst heile vassdrag utan inngrep, der erosjons- og landformingsprosessane går naturleg, er unikt. Vassdraga Undredalselvi, Dyrdalselvi, Kolarselvi (Nordheimsdalen), øvre del av Erdalselvi, Nærøydalselvi (med unntak av sideelva Jordalselvi), Nisedalselvi, Vossovassdraget og Flåmsvassdraget i området er verna mot kraftutbygging (Verneplan for vassdrag I-V).

## Naturområde lite påverka av moderne inngrep

Innanfor Verdsarvparken ligg fleire urørte og villmarksprega område. Eit urørt område vert definert som meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep (t.d. kraftlinje, veg eller bygningar). Villmarksprega område ligg meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep. Fjellområdet mellom Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er det største samanhengande området med villmarksprega natur med i underkant av 60 km<sup>2</sup> meir enn 5 km frå tekniske inngrep. Også sentralt i fjellområdet mellom Aurland og Lærdal ligg eit større villmarksprega område. Eit lite villmarksområde (om lag 3 km<sup>2</sup>) ligg søraust for Bleia. Dessutan er om lag 1 km<sup>2</sup> ved Sagelvi i Nærøyfjorden og definert som villmark. Inngrepsfri område har stor forskings- og referanseverdi for plante- og dyrelivet.

## Biologiske verdiar

Nærøyfjordområdet har høg biologisk variasjon. I dei områda som er omfatta av verdsarvområdet er det i alt dokumentert 35 særskilde lokalitetar med biologisk mangfald (Bøthun 2003, Moe 2003, Roald 2003, Gaarder 2003). Talet vert monaleg høgare om ein inkluderar kringliggende område. Dei fleste naturtypane som er definert som verdfulle etter DN hanbok 13, "Handbok i kartlegging av naturtypar" (Direktoratet for naturforvaltning1999) er representert i området.

## Kalkkrevjande flora

Generelt har floraen preg av å ligge på grensa mellom Aust- og Vestlandet, og inneholder både austlege og vestlege floraelement. Av område som er botanisk undersøkt, skil Flåmsvassdraget og Aurlandsdalen seg ut med ein spesielt rik vegetasjon. Dette skuldast hovudsakleg eit belte av fyllitt i bergrunnen som gjev kalkrikt jordsmonn.

## Tradisjonelle kulturmarkstypar

Langs fjorden finn ein både slåtteenger og beitemark som blir opplevd som sterke landskapselement frå fjorden. Ein del beiteområde har innslag av styringstre. Dei viktigaste tradisjonelle kulturlandskapsområda med kontakt til fjorden er Styvi – Holmo, området mellom Stokko og Undredal, Nedbergo – Bortomteigane og Dyrdal. Ut over dette finn ein småskala, tradisjonelt kulturlandskap fordelt over heile området. Mykje av det tungdrivne arealet som ligg i utkantane er i gjengroing.

## Skog

Edellauvskogane langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er rike og har eit høgt innslag av lind. Ein finn fleire nesten reine lindebestandar mellom anna i Legdeviki, sør for Sagelvi i Nærøyfjorden. Ved Morki i inngangen til Nærøyfjorden er det og ein velutvikla lindeskog der ein mellom anna kan finne den sjeldne edellauvskogstilknytte arten huldregras. I Nordheimsdalen finn ein meir samanhengande furuskog. Dei øvre delane av dalen har urskogspreng. Dette unike skogområdet har mellom anna eit høgt innslag av sjeldsynte og truga spettar. I Legdene, som ligg ovanfor Lægdaviki i Nærøyfjorden veks og gammal furuskog. Området har høge naturverdiar, mellom anna har det vore observert hekking av storlom i Lomtjødni. Både ved Hausagjelet innanfor Revsnes og i lia aust for Instegjelet over Indre Frønningen i Bleia naturreservat er det unik furuskog, det same og ved Kristenkamben i Bleia – Storebotnen landskapsvernombjøde. Ved Hausagjelet finn ein truga kryptogamflora knytt til urskogspreng skog med mykje osp.

## Fauna

I fjellet finn ein fleire område med myr og vatn som er viktige for våtmarksfugl. Grånosmyrane naturreservat er verna først og fremst av omsyn til den rike fuglefaunaen. Dette er eit sjeldsynt stort våtmarksområde i vestnorske fjell. Også i nedre delar av Bleia - Storebotnen landskapsvernombjøde er det registrert

ei rekke våtmarkstilknytte artar, mellom anna sjeldsynt og truga andefugl. Dyrdalsvassdraget utpeikar seg og som eit område viktig for fuglelivet. Sjølve vassdraget har særsla mange registrerte fugleartar. Vassetvatnet utmerkar seg som viktig for våtmarksfugl. Nærøyfjordområdet er rikt på rovfugl, særleg artar som kongeørn, tårnfalk og fjellvåk. Her er også registrert hekking av jaktfalk. Havørn, hønsehauk, sporvehauk og dvergfalk er truleg også hekkefugl i området. Langs fjorden er det vanleg at kvitryggspett hekkar.

Når det gjeld hjortedyr finn ein to forskjellige villreinstammer i høgfjellet; Nordfjella villreinstamme i aust og Fjellheimen villreinstamme i vest. Noreg har eit særskilt ansvar for å sikra leveområde for dei attverande villreinstammene. Det er ein stabil hjortestamme i lisider og skogkledde dalar. Elg finst og, men er fåtallig. Rådyr er berre observert som tilfeldige streifdyr.

Forekomstar av jerv finst i både Nordfjella og Fjellheimen. Jerven har truleg auka i tal det siste tiåret. Det er registrert auke i tap av beitedyr på utmarksbeite. I dei vestlege områda er det registrert gaupe med jamne mellomrom. Ulv og bjørn vert rekna som utrydda i Vest Noreg, men streifdyr er observert i nærliggande område.

Området har fleire elvar som fører laks og sjøaure. I verdsarvområdet ligg Nærøyelva med både laks og aure. Elles har også Flåmselva, Lærdalselva og Aurlandselva aure og laks, sjølv om laksebestanden i Aurlandselva er så liten at det ikkje er opna for laksefiske her. Lærdalsvassdraget er angripe av lakseparasitten Gyrodactilus Salaris og er under behandling med surt aluminium.

## Kulturlandskap og kulturminneverdiar

Dei store norske fjordsystema har ved sida av framkommelege fjellpassasjar vore dei viktigaste ferdslevegane mellom kyst og innland opp gjennom historia og hadde tidleg omfattande busetnad. Ulik menneskeleg bruk har auka heller enn forringa verdiane i desse områda. Dei kulturhistoriske spora i området er mange og varierte, frå dei eldste tider opp til i dag.

## Spor etter tidleg busetnad

Det arkeologiske materialet i området viser tydeleg fram at landskapet har lagt føresetnader for busetjing og erverv. Eit framtredande trekk er den intensive utnytting av fjellområda, som fram til i dag har dannat mykje av grunnlaget for økonomien og kulturen i området. Frå Nærøyfjordområdet har det vore god

kommunikasjon både austover via fjella, og vestover via fjorden. Dette er ein faktor som pregar biletet vi har av forhistorisk tid i området.

Dei fyrste menneska kom til Nærøyfjordområdet i steinalderen etter at breen trekte seg tilbake etter siste istid. Dei eldste arkeologiske spora i indre Sogn er buplassar i fjellet frå omlag 4000–5000 f.Kr. Steinaldermenneska dreiv jakt og fangst, og kan ha vore dei fyrste som tok til å lage fangstanlegg i fjellet.

#### VERDFULL KULTURARV I OMRÅDET:

- Kulturminne frå jakt og fangst, m.a. fangsgraver, ledegjerde og bogastille for reinsjakt.
- Bygningsmiljø med særprega husklyngje ligg som blikkfang i fjordlandskapet, nede langs fjorden, eller oppe i høgda, på høgdegardar.
- Tettstader som Lærdalsøyri, Gudvangen, Undredal og Vikøyri
- Fleire freida og listeførde kyrkjer
- Vedtaksfreida bygningar
- Variert kulturlandskap med gardar, stølar, bjørkehagar, lauvingstre, slåtteenger, beitemark, kol- og tjæremiler og vatningsveiter
- Eit stort nett av historiske stiar og vegar.
- Ei rekke freida formminne, som hus-, støls- og nausttufter, hellarar og gravrøyser
- Stalheim, Nærøydalen og Nærøyfjorden høyrer til dei klassiske turistrutene og blant dei mest kjente reisemåla i Noreg frå slutten av 1800-talet.

#### Fangstanlegg

Den intensive nyttinga av fjellet viser seg tydeleg att i funna av fangstanlegg i høgfjellet. Desse vitnar om at villreinen til alle tider har vore sentral for folk i Nærøyfjordområdet. Mange av desse anlegga er truleg automatisk freida (frå før 1537). Det mest utprega fangstområdet finn ein ved Fresvikbreen. Her er det store fangstanlegg med bogestiller, ledegjerder og dyrestup på fire fjellryggar frå Tuftafjellet i nord til Handadalseggi i sør. Desse er rekna som dei mest omfattande og best bevarte fangsanlegga i landet. I tillegg er det gjort funn av ei rekke dyregraver i området. På Undredalshalvøya (fjellområdet mellom Flåm og Gudvangen) er det og registrert fangstanlegg med dyregraver, bogestiller og ledegjerder. Namn som Reinsgrovene og Gravhalsen fortel om fenomena. Fangstanlegga i området ved Jøtebotn ved Raudeggi

og Fessene er og viktige døme. Også i Drøfteskardet ved Bleia og i fjellområda kring Blåskavlen i Aurland er det registrert dyregraver. Dette må sjåast i samanheng med fleire registrerte fangstanlegg lengre søraust i dette fjellområdet. I tillegg til fangstanlegga er det funne fleire tufteområde og groper, som avhengig av type har vore brukt til brenning av kol til jernvinne eller tillaging av mat.

## Gravhaugar

Frå slutten av yngre steinalder og byrjinga av bronsealderen, ca. 2000–3000 f.Kr. finn ein spor etter meir permanente busetjingar og jordbruk. Dei første gardane ligg ofta på gode plassar i landskapet, og har namn som spelar på framtredande landskapstrekk. Gravhaugar og røyser er bland dei synlege teikna på busetjing langs fjorden. Fronnes, som ligg på motsett side av fjorden for Otternes Bygdetun er den staden i Aurland kommune der det er registrert størst samling av gravrøyser. Området kring Aurland prestegard, der Sogn Jord- og Hagebrukskule ligg i dag, har fleire godt synlege gravhaugar, m.a. ligg den største gravhaugen i kommunen sentralt i tunet. Også nabokommunane er rike på gravminner. På Moane i Vik kommune ligg den største samlinga av gravhaugar i kommunen med 10 godt synlege haugar. Det har historisk vore registrert 40 gravhaugar i Vik (av Blix i 1893).

## Kulturlandskap

Det tradisjonelle kulturlandskapet i området utgjer ein mosaikk av åker, slåtteteigar, beitemark, område med spor etter styving, stølar og gardstun, i tillegg til ulike typar tekniske kulturminne og kyrkjer. Det samla kulturlandskapet langs Nærøyfjorden har status som nasjonalt viktig gjennom Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap frå 1994. Forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet seier at *"Jordbruket i området har i stor grad vore med å forme landsklapsbiletet og står for ein vesentleg grad av opplevinga i området"*. Dette gjeld dei kringliggande områda så vel som inne i verneområdet. Landbruk i området held mykje av kulturlandskapet ved like i dag, men mange område er likevel ute av bruk og i sterkt gjengroing. Mange av kulturlandskaps-områda og bygningsmiljøa er visuelt viktige frå fjorden m.a. fordi dei gjev målestokk til det dramatiske fjordlandskapet. Det er utarbeidd skjøtselsplanar for nokre av dei viktige kulturlandskapslokalitetane i området.

## Gardar

Nokre av gardane i området er døme på bygningstradisjonar som utgjer kulturverdiar med stort opplevingspotensial. Klyngetun som t.d. Otternestunet og strandstijarmiljø som t.d. på Bakka i Nærøyfjorden og i Vik fortel mykje om historia til folk i området, særskilt der mykje av landskapet rundt er uendra sidan gardane

var i bruk. Det same gjer høgdegardane og tettstadene i området.

## Stølar

Stølsdrift har historisk vore ein svært viktig del av landbruksnæringa. Både verdsarvområdet og nærliggande område har utallige stølar, både lågtliggende vår- og hauststølar, eller "heimestølar" og høgtliggende sommarstølar. Dei høgaste ligg i og til dels like over skoggrensa. Stølsområda varierar frå små grasdominerte vollar med berre tufter att etter bygningar, til intakte stølsmiljø med velhaldne bygningar (sel og i nokre tilfelle fjøs) og grøn selbø. Mange stølar er i gjengroing, men ein god del vert framleis beita, då i all hovudsak med småfe. Kvar og ein støl har sin særeigne historie, og er viktige for både rekreasjon og som (potensiell) ressurs for opplevelingsturisme. På nokre stølar har grunneigarar eller beitelag fått til eit samarbeid og teke initiativ til planmessig og bevisst skjøtsel for å vinne tilbake og ta vare på kulturlandskapskvalitetane. Som døme kan nemnast Hjølmo i Dyrdal og heimestølen Engi i Fresvik.

## Kyrkjer

Kyrkjene utgjer viktige, og mykje besøkte kulturminne i området. Inne i verdsarvområdet ligg 2 kyrkjer. Undredal stavkyrkje frå 1147 er den minste stavkyrkja i Norden, og ho er framleis i aktiv bruk. Bakka kyrkje, også inne i verdsarvområdet, er ei langkyrkje i tre, bygd i 1859. Området rundt har fleire kyrkjer, nokre av dei med særleg stor kulturhistorisk verdi. Tett opp til verdsarvområdet ligg

- Vangen kyrkje, "Sognedomen", steinkyrkje frå 1200 talet
  - Flåm kyrkje, langkyrkje i tre frå 1670
  - Fresvik kyrkje, langkyrkje i tre frå 1881
- Desse kyrkjene er omtalt på nettisdane til Verdsarvparken, [www.naroyfjorden.no](http://www.naroyfjorden.no).
- Elles i nærområdet har ein fleire andre svært verdifulle kyrkjebygg. Særleg bør nemnast
- Urnes stavkyrkje i Luster kommune, som sjølv har verdsarvstatus. Verdsarvverdien står i fokus for forvaltning og drift av kyrkja, og ho står fram som ein satellitt i Verdsarvparken.
  - I Vik kommune ligg Hove Steinkyrkje frå ca. 1170 og Hopperstad stavkyrkje frå ca. 1140
  - I Lærdal kommune ligg Borgund Stavkyrkje frå ca. 1180, med sitt eige besøkssenter

## Tekniske kulturminne

### Vegar

Vegar og ferdsselsårar er sentrale kulturminne i Nærøyfjordområdet. Av dei eldste vegane er stien frå Fronnes, opp Frondalen og over fjellet til Raundalen. Denne vegen skal i fylgje eit segn ha vore nytt av kong Sverre. Elles finn ein fleire døme på stølsvegar frå gardane og opp til stølar i høgfjellet. Rimstigen ved Bakka er eit godt døme. Stalheimskleivi, vart bygd ut til kjerreveg i 1840 åra. Dette opna for transport av turistar frå Gudvangen opp til Stalheim hotell. Vegen er verdsett som eit kulturminne av nasjonal verdi og er føreslege verna etter kulturminnelova. Postvegen mellom Bleiklindi og Styvi vart bygd kring 1660 og nytt til å komme forbi den därlege isen på fjorden om vinteren. Vegen Bleiklindi – Styvi er i dag i god stand og mykje nytt som turveg. Også på andre sida av fjorden, i Dyrdal, går restar etter ein veg langs stranda som har vore ein del av postvegen. Denne gjekk fram til Arnehus som har vore ein viktig samlingsstad for embedsmenn. Avhengig av istilhøva gjekk posten vidare med båt til Lærdal. I verdsarvkommunen Lærdal finst ein svært rik veghistorie, både den gamle kongevegen over Filefjell, og bitar av gamle trasear av nasjonale vegar, fram til siste utgåve av E16.

### Vatningsveiter

Knytt til tema kulturlandskap finst og eit system av vatningsveiter. Mange av desse går heilt frå fjellet der dei frakta vatningsvatn frå sikre vasskjelder og ned til tørre jordbruksareal. Fenomenet vatningsveiter finn ein berre i dei tørraste delane av landet, dvs. i indre fjordstrok med Lærdal som beste eksempel (sjølv om også Aurland og Vik har fleire vatningsveiter), og inst i dei store austlandsdalane, med Lom og Sjåk som dei beste eksempla.

### Tømmerdrift

Tømmer er ein avgrensa ressurs i indre fjordstrok. Mange lokalsamfunn kan ha vanskeleg tilgjengeleg skog, som likevel har vore ein verdifull ressurs. I Nordheimsdalen naturreservat ligg kulturminne etter skogsdrift med taubane og bygningar for skogsarbeidaranar. Grensande opp til verdsarvområdet er Fresvikåsen og Frønningen viktige furuskogsområde. På Frønningen ligg framleis kulturminne etter ei intensiv skogsdrift.

### Krigsminne

Av nyare krigsminne innanfor verdsarvområdet finn ein forsvarsanlegg frå 2. verdskrig på Ramsøy og øvst i Stalheimskleivi. Også kringliggande område har bunkers og andre krigsminne, til dømes finst restaurerte bunkers i Lærdal.